

Barnehagebruksplan 2022-2030

Osterøy kommune



Innhold

1. HERADSSTYRET VEDTOK BARNEHAGEBRUKSPLANEN 8.12.21 og endringar 19.10.22	3
Bakgrunn og mandat for arbeidet.....	3
Føremål	3
Arbeidsgruppe og medverknad.....	4
Barnehagane på Osterøy i 2021, to private og seks kommunale	4
2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR FOR BARNEHAGESEKTOREN	5
Nasjonale føringer for barnehagetilbodet.....	5
Lokale føringer	5
Kvalitetar i bygg – ein standard for framtida.....	6
3. KVALITET	7
Pedagogisk kvalitet i barnehagetilbodet	7
Barnehagebygg i framtida i Osterøy kommune.....	8
4. ØKONOMI	12
Storleik på barnehagane og berekraftig økonomi.....	12
Varierande kostnad per barnehageplass i Osterøy kommune	12
Driftstilskot og kapitaltilskot per fulltidsplass til private barnehagar	13
5. BARNETALSUTVIKLING	14
Forventa barnetalsutvikling i planperioden	14
Usikre prognosar – behov for fleksibilitet	14
Kvar er barn under skulepliktig alder busett i dag?	15
Kapasitet	16
6. BARNEHAGESTRUKTUR I FRAMTIDA	17
Driftsavdelinga si vurdering av den kommunale bygningsmassen	17
Søknad om kommunalt tilskot til private barnehageplassar per mai 2021	19
Oversikt over barnehagane	20
Barnehagar i Haus-området	20
Barnehagar i Valestrand-området.....	20
Barnehagar i Lonevåg-området.....	21
Barnehagar i Fotlandsvåg-området.....	21
7. RÅDMANNEN SI TILRÅDING OM EIN BEREKRAFTIG BARNEHAGESTRUKTUR.....	22
Å møte endra behov	22
Målsettingar.....	22
Tilråding om berekraftig barnehagestruktur	23
Barnehagehage i Haus-området.....	23
Barnehagar i Valestrand-området.....	23
Barnehagar i Lonevåg-området.....	25
Barnehagar i Fotlandsvåg-området.....	25
Økonomiske konsekvensar av tilråding	26
Oppsummering – barnehagestruktur i framtida	29

1. HERADSSTYRET VEDTOK BARNEHAGEBRUKSPLANEN

Barnehagebruksplanen vart vedteke 8.12.2021 med følgjande endringar (HS-084/21 vedtak):

- Kapittel 7. Barnehagar i Valestrand-området, kulepunkt: Dersom drifta av Reppen barnehage blir avvikla i planperioden, vil Osterøy kommune overta drifta av barnehagen dersom ikkje andre aktørar melder seg til å overta drifta. - Grunngjeving: Valestrand si folketalsutvikling tilseier at det bør vera barnehageplassar der. Med ny barnehagebruksplan vil barnehagetilbodet på Valestrand vere utelukkande i privat regi frå 2023. Dersom privat aktør av ulike grunnar endar opp med å avvikla drifta i løpet av planperioden, vil det vere naturleg at kommunen tek over og sikrar kapasiteten i dette området
- Punkt i Strukturtabell samandrag tabell 10, side 28 vert følgande endra:
 - o Drifta ved Valestrand Barnehage vert oppretthalde.
 - o Hauge barnehage utvider ikkje kapasiteten.
 - o Barnehageplan vert å gjelde fram til 2025.

Heradsstyret behandla saka på nytt 19.10.2022 og det vart vedteke følgande endringar:

- Barnehagebruksplan 2022-2025 vert vedteken med følgjande endringar:
 - o Heradsstyret gjev løyve til bygging og opning av ny, privat barnehage med fire avdelingar på Rundhovde.
 - o Valestrand barnehage vert lagd ned når ny barnehage står klar på Rundhovde.
 - o Rådmannen kan gå i gong med andre byggetrinn av Hauge barnehage når kommunen sitt behov tilseier dette.
 - o Kulepunktet i kapittel 7 «Barnehagar i Valestrand-området»: «Dersom drifta av Reppen barnehage blir avvikla i planperioden, vil Osterøy kommune overta drifta av barnehagen dersom ikkje andre aktørar melder seg til å overta drifta.» vert stroke.
 - o Barnehagebruksplanen vert å gjelde fram til 2030.

Bakgrunn og mandat for arbeidet

Høyringsutkastet som her er utarbeidd er svar på eit vedtak i Heradsstyret 9.desember 2020. Osterøy kommune hadde prosjektert utbygging av Hauge barnehage med to avdelingar. 5 millionar var sett av på investeringsbudsjettet for 2021 og 8 millionar for 2022, og byggearbeidet var planlagt å ta til våren 2021. Utbyggingsplanane vart stoppa då Heradsstyret gjorde følgande vedtak 9.desember 2020 knytt til midlane på investeringsbudsjettet post 1252:

*Posten vert endra frå «*Utviding Hauge barnehage*» til «*Utviding av kapasitet i barnehage*». Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.*

Føremål

I åra 2000 - 2018 var det tilflytting av barnefamiliar på Osterøy og fødselstala var høge. I fleire år var det behov for om lag 20 nye barnehageplassar og dei barnehagane som kunne utvide kapasiteten gjorde det. Hauge barnehage vart ferdig i 2012 og er den nyaste barnehagen i Osterøy kommune. Etter 2018 har folketalsutviklinga flata ut. Det vart planlagt ei utbygging av Hauge barnehage for å møte ytterlegare behov for barnehageplassar. Totalt har vi 8 barnehagar i Osterøy kommune i dag, der 2 er privateigde og 6 er kommunale.

Føremålet med å utarbeide ein barnehagebruksplan er å sikre ein barnehagestruktur i Osterøy kommune som stettar lovkrava og behovet for barnehageplassar på kort og lang sikt.

Rådmannen legg til grunn at barnehagane skal vere kostnadseffektive med ein struktur som er berekraftig.

For å svare på framtidig kapasitetsbehov i barnehagane må vi analysere barnetalsutvikling og framtidig trøng for barnehagar i kommunen under eitt og i dei lokale sentra, samt om det er grunnlag for å etablere fleire nye barnehageplassar i dei ulike lokale sentra på Osterøy. Trygge Barnehagar har søkt om å bygge ein ny barnehage i 2022 på Rundhovde. Det er og motteke søknad om å drive ein familiebarnehage på Valestrandfossen.

Barnehagebruksplanen skal og gje føringar for utforming av barnehagar for framtida. Bygga skal ha gode rom for leik og læring i trygge og gode areal, samt leggje til rette for gode arbeidstilhøve for personalet.

Arbeidsgruppe og medverknad

Ei arbeidsgruppe beståande av kommunalsjefen for oppvekst Olaf Hella, plansjef Pelle Engesæter og tenesteleiar for barnehage Hilde Gunnarson har utarbeidd planen, som er forankra i overordna føringar på nasjonalt og lokalt nivå.

Medverknad har vore i form av møte med treparts-samarbeidet i ulike kommunale barnehagar og private barnehageeigarar i Osterøy kommune. Møta har i stor grad retta seg mot fordelar og ulemper i drifta og bygga, kva som er mogeleg og ønskjeleg for framtida. Barnehagane er oppfordra til å informere sine Samarbeidsutval at det vert ei høyring på planen.

Planen som no ligg føre er eit resultat av innspel frå desse møta og faglege innspel frå driftsavdelinga og økonomiavdelinga i kommunen. Rådmannen sin stab har vore orientert underveis i arbeidet.

Barnehagane på Osterøy i 2021, to private og seks kommunale

Visar til punkt 6. Barnehagestruktur i framtida, for informasjon om den einskilde barnehage.



Fotlandsvåg barnehage - 29 barn



Hauge barnehage - 76 barn



Reppen barnehage - 62 barn



Lonevåg barnehage - 115 barn



Mjøsdalen - 13 barn



Haus barnehage - 66 barn

Gårds- og frilufts-barnehagen - 38 barn



Valestrand
barnehage - 30 barn



2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR FOR BARNEHAGESEKTOREN

Nasjonale føringer for barnehagetilbodet

Barnehagelova (2020) gjev dei juridiske reglane som barnehagane i Norge skal styrast etter. Barnehagelova gjeld uavhengig av kven som eig barnehagen og korleis den er organisert. Det kjem og klart fram kva som er barnehageeigar sitt ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar som barnehagemynde.

Barnehagelova skildrar mellom anna samfunnsmandatet til barnehagane, kva verdigrunnlag barnehagen skal bygge på og viktige føringer for barnehagedrifta. Bemanningsnorm og pedagognorm er fastsett. Barnehagelova har ikkje fastsett størrelsen på inne- og uteareal i barnehagen, men departementet har i sine merknader til Barnehagelova § 14 gjeve rettleiande norm for barns leke- og opphaldsareal: «(...)4 m² netto per barn over tre år og om lag 1/3 meir per barn under tre år. Utearealet i barnehagen bør være om lag seks gangar så stort som leke- og opphaldsarealet inne».

Kommunen er lokal barnehagemynde og har ansvaret for å godkjenne barnehagar etter barnehagelova og utføre tilsyn etter barnehagelova og rammeplanen. Kommunen skal gjere ei vurdering av behovet for barnehageplassar og ut frå dette utvise skjønn når det gjeld godkjenning og finansiering av nye barnehageplassar, jamfør Barnehagelova kap. IV.

Rammeplanen for barnehagen, innhald og oppgåver (2017) er ei forskrift til Barnehagelova. Den gjev føringer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver, samt gjev forpliktande rammer for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Døme på anna regelverk som legg føringer for barnehage er:

- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager
- Forskrift om politiattest i barnehager
- Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
- *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for rekruttering og kompetanseutvikling, 2018-2022.* Kunnskapsdepartementet.
- Stortingsmeld. 19. *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen, 2015-2016.*
- Stortingsmeld. 6. *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.* 2019-2020.
- Stortingsmeld. 41. *Kvalitet i barnehagen, 2008-2009.*
- *Barnehager mot 2030. Strategi for barnehagekvalitet 2021-2030.* Kunnskapsdepartementet.

Lokale føringer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2040 har nett vore på høyring. Planen gjev ein oversikt over dei utfordringane og mogelegheiter kommunen står ovanfor knytt til samfunnsutvikling, og kva rammer som kommunen meiner er viktige for utviklinga. Det kjem her fram at barnehage er ei viktig satsing for å gjøre Osterøy attraktiv som bustadkommune. «Det er viktigare og meir realistisk å arbeide for å få utflytta ostringar til å flytte attende, enn å arbeide for nytiflytting. Ei viktig oppgåve for kommunen vil vere å leggje til rette for at dei unge vender attende til kommunen etter ferdig utdanning. Arbeidet med dette startar i

barnehagen, og held fram gjennom å trekke barn og unge med i samskapingsprosessar» (Kommunen sin samfunnsdel 2021-2040, s.10).

- Kommuneplan for oppvekst 2019-2023; eit strategidokument for å oppnå kvalitet, og eit kunnskapsgrunnlag for kva som er viktige omsyn i utviklinga av tilbodet.
- Berekraftsprosjektet «Alle vil bu på Osterøy».
- Kvalitetsplan for barnehagane 2019-2022, pedagogiske satsingar for dei kommunale barnehagane i perioden.
- Vedtekten for dei kommunale barnehagane, vedtekne av Heradsstyre. Vedtekten fastset opningstid, foreldrebetaling, opptakskriterier, arealnorm med meir.

Kvalitetar i bygg – ein standard for framtida

Regelverk som legg føringar for det fysiske miljøet i barnehagen er:

- Barnehagelova (2020)
- Rammeplan for barnehage, innhald og oppgåver (2017)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler (2013)
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr (2014)
- Plan- og bygningslova (2021)
- Arbeidsmiljølova (2020)

3. KVALITET

Det er eit viktig prinsipp at eit barnehagebygg innbyr til fleksibel bruk og organisering av barnehagrupper og bemanning, slik at det er mogeleg å redusere og auke barnehagrupper og endre organisering i takt med endring av folketal og demografi. I den heilskaplege vurderinga er også pedagogisk kvalitet teke med, ikkje berre økonomi.

Pedagogisk kvalitet i barnehagetilbodet

Osterøy kommune har ei målsetting om høg pedagogisk kvalitet i barnehagetilbodet. Vi har eit mangfold i storleik og organisering av barnehagane, og den enkelte barnehage har si pedagogiske satsing. Dette gjer at foreldre kan velje å søke seg til det pedagogiske tilbodet og organiseringa som dei meiner er viktig og riktig for sitt barn. Det er eit godt samarbeid om kvalitet mellom styrarane i private og kommunale barnehagar, og dei private barnehageeigarane vel å følgje kommunen sine føringar.

Strategi for barnehagekvalitet

«Barnehager mot 2030. Strategi for barnehagekvalitet 2021-2030» vart lansert av regjeringa 24.06.21 og legg tydelege føringar for utvikling av kvalitet i barnehagetilbodet. Strategien er sterkt knytt opp mot kompetanse hjå dei tilsette, blant anna med målsetting om 50% barnehagelærarar innan 2025, fleire fagarbeidarar, styrarar skal ha styrarutdanning og fleire skal ha mastergrad. Osterøy kommune vil i samarbeid med Nordhordaland kompetanseregion lage ein overordna plan for å utvikle barnehagekvaliteten i tråd med strategien.

Kvalitet i store og små barnehagar

Om ein barnehage er liten eller stor er ikkje avgjerande for kva kvalitet dei har i barnehagetilbodet. I Fafo-rapporten (2015:48) «Har barn det bra i store barnehager?» konstaterer forskarane at både foreldre og barnehagetilsette har ei generell oppfatning om at små og store barnehagar lukkast i å oppfylle viktige mål. I kva grad foreldre er nøgde med barnehagane finn dei følgande:

«Foreldre som har barn i små barnehager er noe mer tilfredse enn foreldre som har barn i mellomstore og store barnehager. Men skillet går ikke mellom store barnehager og de øvrige - det går mellom store og mellomstore barnehager på den ene siden, og de små på den andre. Forskerne tolker tilfredsheten med små barnehager som et resultat av foreldres vektlegging av trygghet og omsorg.»

Fafo finn i dette ein tendens til at foreldre set likhetsteikn mellom små barnhagar på den eine sida og trygt, familiaert og kjærleg på den andre. Dei finn at dei store barnehagane i utgangspunktet ikkje reknast som det tryggaste alternativet, men dei må overtyde gjennom ein god praksis.

Vidare finn forskarane fleire fordelar for barna med større barnehagar, men om desse fordelane skal realiserast stillast det andre krav til korleis barnehagen vert organisert og leia.

Leiarressurs i barnehage

Barnehagelova §24 omtalar at barnehagen skal ha *ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing*, men greier ikkje ut kva som er forsvarleg.

I Hovedtariffavtalen kap.1 §2.3 kjem det fram følgande: «I barnehager med plass til 42 barn eller meir, skal det avsettes hel stilling til lederrøppgavar. I store barnehager bør det opprettes stilling som assisterende styrer.»

Noko av det som gjer vurderinga av kva som er forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing vanskeleg, er at det er eit mangfald av måtar å organisere leiing og fordele ansvar for oppgåver mellom styrar og eigar i barnehagar i Norge.

Styrar skal ha kapasitet til å følgje opp alle tilsette og når barnehagen vert stor er det ei utfordring å ha tilstrekkeleg kapasitet. Dersom kapasiteten er for lav, kan det sjå ut til at det visast i høgare fråvær hjå tilsette og stor grad av delegering av ansvar i organisasjonen. Styrar er og fagleg leiar og skal ha kapasitet for endringsarbeid og å leie kompetanseutvikling hjå dei tilsette. Ei ekspertgruppe la fram ein rapport om barnehagelærarprofesjonen no og i framtida (2018) og visar til at det stillast store krav til leiing i barnehagar og at styrarane står i eit krysspress. Det visast til at styraroppgåvene vil verte meir komplekse i tida som kjem og at det er behov for å sikre tilstrekkeleg leiingsressurs i store barnehagar. Rådmannen ser at dei største kommunale barnehagane i Osterøy kommune har behov for å styrke leiarressursen.

Barnehagebygg i framtida i Osterøy kommune

Barnehagebruksplanen gjev her føringar for utforming av barnehagar for framtida. Ved oppgradering av bygg og eventuelle nye kommunale barnehagebygg må vi sjå til at bygga møter krav i tida og har gode løysingar for barn, foreldre, tilsette og utøving av pedagogikk sett i eit lengre perspektiv. Bygga skal ha gode rom for leik og læring i trygge og gode areal, samt leggje til rette for gode arbeidstilhøve for personalet. I 2025 vert universell utforming eit krav i alle offentlege bygg.

I dialog med styrar, tillitsvalde og verneombod i dei kommunale barnehagane kom det fram erfaringar med kva som gjev gode rammer i dei fysiske romma og kva som gjev avgrensingar. Dette samsvarar med forsking, til dømes «Barnehagenes organisering og strukturelle faktorers betydning for kvalitet» (Kunnskapsdepartementet, Rapport Iris – 2011/029), og med Bergen kommune si erfaring med nyare bygg i Bergen (Barnehagebruksplan, 2016-2030).

Det er vorte fleire små barn i barnehagane og dette må speglast i romma både ute og inne. Dei minste barna og nokre større barn har større behov for skjerming, slik at dei kan utforske og utfordrast innanfor trygge rammer. Organisering av barnegruppene kan endre seg frå år til år ut frå barna sine behov og det er difor viktig at heile bygget kan passe til alle aldersgrupper. Plan- og bygningslova krev at det universell utforming i alle offentlege bygg og ein bevegelseshemma / rullestolbrukar skal kunne bevege seg rundt i heile bygget og uteområdet.

Areal

Kunnskapsdepartementet har i rundskriv F-08/2006 satt ei rettleiande arealnorm for godkjent leike- og oppholdsareal per barn på 4 m² per barn over 3 år og 5,3 m² per barn 1-2 år. Utearealet er 6x4 m² = 24 m² per barn. Det tilsei at ein barnehage med 100 storbarnsplassar skal ha 400 m² godkjent leike og oppholdsareal inne, og om lag 2400 m² uteareal.

Inneklima

Miljøretta helsevern har føringar og grenser for akustikk og lyd i rom. Osterøy si driftsavdeling har prøvd ut mange løysingar og fell ned på følgande:

Ved utbetring av akustikk og lyd i eksisterande bygg og nybygging skal det monterast himling med støyabsorberande plater i taket og støyabsorberande golvbelegg.

Lyspunkt i himling med må være flimmerfrie og det må monterast dimmar.

Det bør være installert måleinstrument av inneklima i nokre sentrale rom for barna.

Som varmekjelde i nye bygg er golvvarme å føretrekke, helst i form av bergvarme. Panelomnar under vindauge skal ikkje nyttast, då det er ugunstig for luftkvaliteten og vert klatra på av barna, slik at dei vert rivne ut av veggan.

Rom

Eit viktig prinsipp er å ha eit transparent bygg, det vil sei å kunne ha innsyn i alle rom. Alle rom skal ha innsyn gjennom vindauge, slik at det er mogeleg å sjå kva som går føre seg utan å forstyrre. I mange rom er vindauge i høgde for dei tilsette å føretrekke. Å ha heile veggar av glas er ikkje ønskjeleg, då det kan hindre barna i deira konsentrasjon og leik. Også stelleromma skal ha innsyn, men plasseringa av vindauge er då viktig for å ta vare på barnet sin rett til privatliv.

Romma skal innreiast med fleksible møblar og interiør som lett kan flyttast på og alle flater skal vere lette å reingjere. Høge skap i leikeromma skal ha glasdører, slik at leiker er synlege for barna.

Kvar avdeling skal ha nokre mindre rom knytt til hovudrommet. Dei mindre romma skal ikkje ha tydeleg definert funksjon, men ha kvalitetar som inviterer til samhandling og leik i mindre barnegrupper.

Barnehagen har behov for eit større samlingsrom, for variert leik og fellesopplevelingar, samt personalmøte og foreldremøte. Det er behov for eit lagerrom per avdeling.

Reinhald og teknisk rom

Reinhaldsrom med tilhøyrande lager og teknisk rom må dimensjonerast etter slik behova er i dag og etter størrelse i bygget. Det har vore ei stor utvikling av kva som krevst av reinhald og kva reiskapar ein reinhaldar brukar. Bøttekott er ikkje tilstrekkeleg lenger, men rommet for reinhaldar skal ha plass til stor reinhaldsmaskin, den tradisjonelle reinhaldsvogna, vaskemaskin for moppar, samt vere lager for alle vaskemidlar og reinhaldsartiklar. Av miljø- og effektivitetsomssyn skal forbruksartiklar til reinhald kjøpast inn i større kvanta og må lagrast på egna stad. Visar til «Interkommunal norm for materialval ved nybygg og rehabilitering» (2017).

Teknisk rom skal ha plass til oppbevaring av ekstra filter og andre forbruksartiklar til ventilasjonsanlegget, og vaktmestar må ha ein arbeidsplass / data for justering av balansert ventilasjon med meir.

Kjøkken

Miljøretta helsevern stiller krav om rein og skitten sone, samt tre vaskar på eit kjøkken.

Dersom eit kjøkken vert delt av to avdelingar skal kjøkkenet ha kjølerom og fast plass til store kjeldesorterings-behalarar. Kjølerom vil sikre at det er tilstrekkeleg fysisk plass til mat og drikke, og gjer det mogeleg å møte endringar i retningslinjer for matservering. Kvart kjøkken skal ha ein sone som inviterer til samhandling og at barna kan delta i matlagninga.

Ein steamar er å tilrå framfor vanleg oppvaskmaskin på grunn av tidsbruk, effektivitet og ergonomi. Dersom kjøkkenet ikkje er ein del av godkjent leike- og opphaldsareal, er det mogeleg å nytte ein steamar.

Garderobar for barn og tilsette

Miljøretta helsevern stillar krav til tydlege skilje mellom skitne og reine soner, noko som gjev sterke føringar for både grovgarderobe og fingarderobe. Tradisjonelt er grovgarderobane relativt små og

det er naudsynt å ta barnas sko og ytterkle inn i fingarderoben. Dersom fingarderoben er ein del av det godkjente leike- og opphaldsarealet til barna er det ikkje lovleg å oppbevare skitne sko og kle her. Dersom det ikkje er plass for tilsette sine ytterkle og sko i grovgarderoben, fører det til ein unødig logistikk og venting for barna, noko som gjer overgangssituasjonen for barna vanskeleg.

Grovgarderoben til barna skal ha golvmatter som sikrar at smuss vert fanga opp og vete vert sugd opp. Grovgarderoben skal vere stor nok til å oppbevare *alle* sko, dressar og ytterkle for både barn og tilsette, samt barnas barnehagesekkar.

Stellerom og toalett

Kravet frå Miljøretta helsevern er ein stelleplass per 10 barn og eit toalett per 10 barn. Tradisjonelt er stelleromma små og tek ikkje høgde for at det er mange barn skal skiftast bleie på samstundes, heller ikkje at det er ein del av den pedagogiske verksemda. Det er naudsynt med større stellerom for å sikre gode rammer for stellesituasjonen for barn og tilsette.

Ved utbetrinigar eller nybygg skal stelleromma vere minimum dobbel størrelse av det som no er vanleg. Det skal vere to stelleplassar, der den eine er hev- og senkbar stellebenk.

Barnehagane har i dag vanlegvis ikkje fleire toalett i same rom. Ved utbetrinigar eller nybygg skal kvar avdeling ha 2, helst 3 toalettbåsar ved sidan av kvarandre. I tillegg skal kvar grovgarderobe/ skitten sone ha eit toalett, slik at det er lett tilgang når barna er ute. Det vil då verte mindre kø når mange barn skal på toalettet samstundes og det vert betre overgangssituasjonar for barna.

Vognoppbevaring og praktisk plassering ute

Barna sov i eigne vogner og vognene skal oppbevarast i barnehagen. Vognhuset må vere musettet og ha oppvarming, slik at vognposane ikkje myglar om dei er vorte fuktige. Det er viktig at posane ikkje vert fjerna frå vogna kvar dag, grunna kvelingsfare i lause vognselar. Ei gunstig plassering av vognhuset er tett på inngangspartiet, slik at ein får minst mogeleg bæring av barna frå stellerommet til vogna. Dette er viktig, då dette er noko av det som slit mest fysisk på dei tilsette.

Plassering av anna ute:

Skur til leiker og syklar må vere romslege, slik at det er mogeleg å etablere system som stimulerer barna til meistring og vere sjølvstendige.

Avfallskontenier skal ikkje oppbevarast inntil husvegg på grunn av brannfare.

Dersom barna ikkje skal sove i vognhuset, må det byggast tak i nær tilknyting til vognskuret. Barn og tilsette skal stå i ly for vær og vind i alle årstider, og minst mogeleg belastning for dei tilsette må vere avgjerande i vurderinga av plassering av takoverbygg.

Personaldel i barnehagen

Dei tilsette må ha ein garderobe med låsbare skap for ekstra tøy og veske/sekk. Det er viktig å auke opp talet på garderobeskap, då det er behov for at vikarar og har eigne skap.

Dei tilsette sine sko og ytterkle til bruk i barnehagen, slik som regnkle og store dressar, må ha plass i barnas grovgarderobe.

Pauserom for tilsette må kunne brukast som møterom, og skal møblerast med møtebord med komfortable stolar rom. Pauserommet må ha kjøleskap dimensjonert til talet på tilsette og oppvaskmaskin.

Styrars kontor skal ha møteromfunksjon og det må vere eit kontor til assisterande leiar. Pedagogane har plantid i barnehagen og skal ha ein arbeidsplass. Det bør vere eit rom med fleire arbeidsplassar, dimensjonert etter kor mange pedagogar som er tilsett.

Uteleikeplassen i barnehagen

Ein uteleikeplass skal dekke mange behov. Ulike utedmiljø påverkar barna sin trivnad, involvering med kvarandre, kva dei leikar og korleis dei er fysiske aktive. Ved utbetring og nyetablering av leikeplassar må det takast omsyn til barn sine behov for fysiske utfordringar i ulike miljø, dei treng stadar som er sansestimulerande og ha møteplassar som inviterer til sosialt samspel på tvers av etablerte grupper. Dei yngste barna treng områder der dei kan skjermast ved behov. Grøne områder der barna kan dyrke grønsaker og lignande må leggast til rette for og det er ønskjeleg med frukttrær og vanlege tre.

På Vestlandet er det viktig at leikeplassen har gode værsonar, der barna kan leike, ete maten sin og ha samlingar i ly for vær og vind. Delar av barnehagetomta må vere naturtomt. Grasbakker og områder som er utsett for stor slitasje må armerast med matter, og det må vere sykkelvegar som er asfalterte. Leikeplassen skal vere tilrettelagt for barn med fysiske utfordringar, til dømes rullestolbrukarar og barn med svakt syn. Dei tilsette skal ha gode ergonomiske tilhøve rundt seg når dei støttar og føl barna opp i leiken ute, og dette må vere ein del av vurderinga i utvikling av stimulerende utedmiljø. For å ta vare på tryggleiken til barna må uteleikeplassen kunne delast inn i sonar, og det må vere mogeleg å samle barna i ulike sonar.

4. ØKONOMI

Storleik på barnehagane og berekraftig økonomi

For å lettare kunne samanlikne storleik og kostnadar vel vi å samanlikne tal på storbarnsplassar. Dersom ein barnehage har 10 barn i alderen 1-2 år, vil dette bli rekna som 20 storbarnsplassar.

Rådmannen har sett til andre kommunar på korleis dei vurderer storleiken på barnehagar opp mot berekraftig økonomi. Det har ikkje vore mogeleg å finne tilsvarande vurderingar frå kommunar som har same innbyggjartal som Osterøy, då dei ikkje har nedfelt slike vurderingar i tilgjengelege dokument. Lønskostnader utgjer største kostnaden i barnehagar, men det er fleire faktorar som spelar inn. Stordriftsfordelar er ein av desse. Rådmannen ser difor til Bergen, Trondheim og Oslo og kva dei har konkludert med etter å ha vurdert storleik opp mot berekraftig økonomi.

- Bergen kommune seier i Barnehagebruksplanen (2016-2030) at barnehagane i kommunen ut frå ei heilskapleg vurdering har landa på at barnehagar bør ha kapasitet på minst 60 - 80 barn, tilsvarande 4 -5 avdelingar.
- Trondheim kommune har vedteke at nye barnehagar skal ha ein kapasitet på 85 -150 storbarnsplassar.
- Oslo kommune har vedteke at det skal byggjast 72, 108 eller 144 storbarnsplassar, tilsvarande 4, 6 eller 8 basar.

Varierande kostnad per barnehageplass i Osterøy kommune

Det er rekna ut ein kostnad per barnehageplass i kommunale barnehagar i rekneskapsåret 2020. Summen er rekna ut frå det styrar er budsjettansvarleg for: lønsutgifter (inkludert styrarressurs, vikarer og overtid), leiker og anna materiell til barna, faglitteratur og kontormateriell, telefon og internett, kopimaskin, datautstyr. Kostnad per barnehageplass i Osterøy er samanfallande med KS si erfaring om at barnehagar med meir enn 90 storbarnsplassar driv meir kostnadseffektivt.

Kostnaden per storbarnsplass i Osterøy kommune er:

- Kr. 101.911,- i barnehagar større enn 99 storbarnsplassar (Lonevåg, Hauge og Haus)
- kr. 121.247,- i barnehagar mellom 19-41 storbarnsplassar (Fotlandsvåg, Mjøsdalen og Valestrand)

Det er verdt å merke seg at lønskostnadane utgjer størstedelen av budsjett i barnehagane. Lønskostnadane i barnehagane varierer med 19% (2020) ut frå kva kompetanse og ansiennitet personalet har, samt at styrarressursen i to av dei minste barnehagane er forholdsvis større enn i dei største barnehagane. Drift av bygga er ikkje teke med i denne snittprisen, men kostnaden gjev eit bilete på kostnader per fulltidsplass omrekna til storbarnsplassar. Visar til tabell 7 for oversikt over driftskostnader ved bygg.

Tabell 1, Kostnad per storbarsplass

Kommunale barnehagar	Barnehageplassar per 15.12.20, fulltidsplass	Omrekna til storbarsplassar og fulltidsplassar	Pris per storbarsplass, etter rekneskap 2020
Lonevåg	114,2	157,4	95 159
Hauge	71,6	99,4	101 523
Haus	75	103,8	109 053
Valestrand	32,6	40,4	118 069
Fotlandsvåg	29	38	129 987
Mjøsdalen	15,6	19,4	115 687
Totalt	338	458,4	

Driftstilskot og kapitaltilskot per fulltidsplass til private barnehagar

Det er verdt å merke seg at kostnaden per barnehageplass i førre avsnitt ikkje kan samanliknast direkte med tilskot for private barnehagar, då uttrekket her ikkje samsvarar berekningsgrunnlaget for tilskot. Visar til «Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar».

Satsar for kommunalt driftstilskot i 2021 til private barnehagar i Osterøy kommune er berekna ut frå dei totalt driftskostnadane i kommunale barnehagane slik dei kjem fram i rekneskap i 2019.

Satsane viser dei reelle kostnadane kommunen brukar per barnehageplass. Det medfører at kommunen sine utgifter må vurderast særskilt, då til dømes store vedlikehaldskostnader på gamle bygg fører til ein høgare tilskottssats til dei private barnehagane. Dersom utgifter til vedlikehald på bakgrunn av eldre kommunale barnehagebygg vert lågare, vert tilskotet til dei private barnehagar lågare.

Satsane for driftstilskot i Osterøy kommune 2021

- små barn, 1-2 år: kr. 234.691,-
- store barn, 3-6 år: kr. 113.318,-

Kapitaltilskot per barn 2021

Utdanningsdirektoratet har fastsett at kapitaltilskotet er avhengig av når barnehagen fekk godkjenning frå Miljøretta helsevern og kommunen.

- Barnehagar godkjent før 2015: kr. 8.650,- per barn
- Barnehagar godkjent 2016-2018: kr. 18.750,- per barn
- Barnehagar godkjent 2019 -2021: kr. 21.000,- per barn

I Osterøy kommune har dei to private barnehagane godkjenning frå før 2015, og 10 barnehageplassar har godkjenning frå åra 2016-2018. Dersom ein privat barnehage utvidar drifta med fleire barnehageplassar og får ny godkjenning, eller ein ny privat barnehage vert bygd, vil dei få høgaste kapitaltilskotet per barn.

Driftstilskot familiebarnehage

Tilskot per barnehageplass i familiebarnehage:

- Små barn, 1-2 år: kr. 177.500,-
- Store barn, 3-6 år: kr. 134.900,-
- Kapitaltilskot per barn: kr. 13.800,-

- Pensjonspåslag per barn: kr. 7.949,-

Det er ingen familiebarnehagar på Osterøy per i dag, men det er søkt om løyve til å starte opp ein på Valestrand. Ein storbarnsplass i familiebarnehage har høgare driftstilskot enn ein vanleg privat barnehage, medan driftstilskotet på ein småbarnsplass er noko lågare.

5. BARNETALSUTVIKLING

Forventa barnetalsutvikling i planperioden

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030 (s.10-11) beskriv dei demografiske utfordringane i kommunen. Ved inngangen til 2020 var det 8098 registrerte innbyggjarar i Osterøy kommune. I 2040 er det venta at det vil bu om lag 8600 i kommunen dersom utviklinga held fram som i dag, og det er den eldste delen av befolkninga som aukar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg til grunn at det vil bli behov for færre barnehage- og grunnskuleplassar. Visar til tabellen nedanfor, der det kjem fram ein nedgang i barnetal fram til 2030 og deretter ein oppgang fram mot 2040. Det vil vere om lag like mange mellom 20 og 66 år i 2040 som i dag. Den demografiske endringa med færre barn og unge, og fleire eldre, vil óg føre til endringar med omsyn til kvar kommunen må setje inn ressursane.

Tabell 2, henta frå Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030, s.11, høyringsutkast

Aldersgrupper	2020	2025	2030	2035	2040	Skilnad 2020-2040	Livsfase
0-5 år	588	487	490	516	545	-43	Barnehage
6-15 år	1027	1039	969	893	914	-113	Grunnskule
16-19 år	441	389	403	415	351	-90	Vidaregåande skule
20-66 år	4673	4632	4684	4714	4677	4	Yrkesaktive
67 år eller eldre	1369	1541	1741	1931	2144	775	Pensionistar
I alt	8098	8088	8287	8469	8631	533	

Usikre prognosar – behov for fleksibilitet

I vurderinga av prognosane vert det presisert at prognosar kan vere upresise. Til dømes kan barnetalet auke dersom det på nytt vert større arbeidsinnvandring eller om det vert endra nasjonal politikk i mottak av flyktningar. SSB visar til at fødselstala vanlegvis går ned i helsekriser og økonomisk usikre tider, men i første kvartal 2021 har tala overraskande nok stege. Det er same tendens i Norge og i Osterøy kommune. Innflyttinga til Osterøy kommune har også auka første kvartal i 2021. Om koronaepidemien kan få konsekvensane for demografien på lengre sikt er eit ope spørsmål, men kan bidra til eit behov for fleksibilitet i barnehageplassar.

I åra 2015 til 2020 har fødselstala i Norge gått kraftig ned. I Osterøy kommune har fødselstala gått ned med nærmere 30% i same periode. Fødselstala for 2021 er høgare enn forventa.

Tabell 3, fødselstal og barnehagebarn dei neste to årene.

Årskull	Tal på fødslar i OK	Tal 2020/2021 Barnehagebarn(*)	Tal 2021/2022 Barnehagebarn	Estimerte tal 2022/2023 Barnehagebarn**
2015	107	108	---	---
2016	106	105	105	---
2017	91	84	89	91
2018	94	85	89	92
2019	78	66	80	80
2020	77	---	61	77
2021	Om lag 95***	---	---	70
		Tot. 448	Tot. 424	Tot. 410

Kjelder: Osterøy helgestasjon, 16.06.21, og Vigilo barnehagesystem.

(*) Tala på barnehagebarn inkluderer barn som er flytta til Osterøy.

(**) Tala for barnehageåret 2022/2023 er eit estimat ut frå kjente fødselstal

(***) Tala er eit estimat ut frå fødslar og kjende terminar i 2021.

Kvar er barn under skulepliktig alder busett i dag?

I barnehagane sitt hovudopptak for 2021/2022 fekk alle søkerane som har lovleg rett på barnehageplass tilbod innan ei veke og kapasiteten i 5 av 8 barnehagar var då fullt utnytta. Våren 2021 har det kome til fleire søkerar og desse arbeidar vi no med å finne barnehageplass i andre barnehagar enn der dei har søkt.

Tabell 4, lokale sentre – kor bur barna og tilgang på barnehageplassar

Lokale sentre	Busette barn under skulepliktig alder per april 2021 (*)	Barnehagar som er nytta av innbyggjarane	Ledig kapasitet i dei lokale sentra per august 2021?
Haus	98 i Haus 18 i Bruvik	Haus barnehage og Osterøy gårdsbarnehage	Ja
Valestrand	287	Reppen, Valestrand, Hauge og Osterøy gårdsbarnehage	Ja
Lonevåg	150 i Lonevåg	Lonevåg, Hauge og Osterøy gårdsbarnehage	Nei
Fotlandsvåg	44 i Fotlandsvåg 4 i Tyssebotn	Fotlandsvåg, Mjøsdalen (**) og Osterøy gårdsbarnehage	Nei

(*) Tal frå Helsestasjonen per 16.04.21. Inkluderer barn født i 2020 og 2021 treng ikkje barnehageplass før hausten 2021 eller 2022.

(**) Mjøsdalen har ledig kapasitet, men ikkje nok søkerar.

Kapasitet

Osterøy kommune oppfyller lovkravet om å tilby barnehageplass i heimstadkommunen.

Kommuneplanen sin samfunnssdel 2021-2040 tek til orde for å styrke dei eksisterande lokale sentra.

Det er og kan fortsetje å vere ei problemstilling at søkarane ikkje bur i nærleiken av dei barnehagane som har ledig kapasitet.

At områda Lonevåg og Fotlandsvåg ikkje har ledig kapasitet talar for at det er naudsynt å ha meir fleksibilitet / mogeleg auke i barnehageplassar for å ta høgde for auke i . Det ser ut frå eksisterande barnehagar som ligg på vegen til arbeid, også vert nytta av mange foreldre.

Tabell 5, lokale sentre – kapasitet barnehageplassar og forventa behov

Lokale sentre	Ledig kapasitet per august 2021	Mogeleg å utvide kapasitet?	Forventa behov i lokale sentre
Haus	Haus bhg: 12 små-/ 24 storbarnsplassar	Haus bhg: kan evnt. utvide i samarbeid med skulen	Forventa nedgang.
Valestrand	Reppen bhg: 15 barn (enten små eller store)	Reppen bhg: kan utvide med mange storbarnsplassar med små endringar i bygget. Trygge barnehagar - bygge barnehage med 80 storbarnplassar. Ein familiebarnehage - er søkt om å bli etablert. Hauge bhg: kan utvide med 40 storbarnsplassar i nytt bygg.	Kan bli auke i behov barn grunna regulerte byggefelt.
Lonevåg	Nei		Kan bli auke i behov barn grunna regulerte byggefelt.
Fotlandsvåg	Mjøsdalen bhg: ikkje nok søkerar.	Fotlandsvåg bhg: kan evnt utvide med areal frå skulen eller bygge på nærliggande tomt.	Kan bli auke i behov barn grunna regulerte byggefelt.

6. BARNEHAGESTRUKTUR I FRAMTIDA

Driftsavdelinga si vurdering av den kommunale bygningsmassen

Kommunale barnehagar	Manglar ved bygget / behov for oppgradering	Gode kvalitetar i bygget	Kvalitetar i uteområdet	Samla vurdering
Haus 66 barn 2021-2022	Bygget manglar rom til reinhaldsmaskinene og tilstrekkeleg oppbevaringsplass for forbruksartiklar for reinhald. Varmereguleringa i glashuset i den nye delen er komplisert.	Bygget har gode kvalitetar, både i ny og gammal del. Bygget har ny ventilasjon. Det er nytt golvbelegg i heile den eldste delen. Gjerdet ned til vatnet og ut til vegen er nytt.	Uteleikeplassen er variert og inn delt i sonar for dei yngste og dei større barna. Det er ei bålhytte på leikeplassen og gode kvalitetar i leikeapparat og fine naturområde. Barnehagen har nærliek til skule, SFO og fotballbane.	Bygget har gode kvalitetar og innfrir lovkrava.
Valestrand 30 barn 2021-2022	Bygget har enkel standard og må malast utvendig. Det er ikkje dagslys i alle rom, noko som er lovkrav og har difor ei godkjenning frå Miljøretta helsevern ut august 2023. Elektrisk oppvarming, derav ein del panelomnar. Behov for ny system-himling i alle tak. Tilkomst til barnehagen og mangel på parkeringsplassar tilsei at tryggleik for barna ikkje er god i hente- og leveringsituasjonar. Nokre personalfasilitetar må oppgraderast.	Ventilasjonen er god og golvbelegg er nytt i størstedelen av bygget. Kjøkkenet er av god kvalitet, Vaskerenner til barna er montert. Garderobeinnreiinga til barna er ny og fungerer godt. Vognhus er nytt og plassert på nedsida av bygget.	Solrik tomt og den ligg sentralt på Valestrandsfossen. Uteleikeplassen innbyr til ulike aktivitetar, og kommunen eig området nedanfor huset/ utanfor gjerdet. Dette området bør innlemmast i barnehagen sitt uteområde. Plasseringa er god for dei som ikkje har bil, med nærliek til ferja og bussen stoppar like nedanfor. Det er gangsti opp til barnehagen.	Barnehagen har ein enkel standard, men er ikkje i spesielt dårlig stand. Det er små rom og kreative løysingar for å tilfredsstille lovkrava, men godkjenninga er midlertidig til august 2023. Om bygget skal leve i 20 år til er det eit forsiktig anslag behov for investering på kr. 1,5 mill.; skifte av tak, vindauge og nokre dører, oppgradering på det elektriske, og moderat tilpassing til krav om universell utforming som kjem i 2025.

Kommunale barnehagar	Manglar ved bygget / behov for oppgradering	Gode kvalitetar i bygget	Kvalitetar i uteområdet	Samla vurdering
Lonevåg 115 barn 2021-2022	<p>Det er vedteke at barnehagen skal skifte tak og det skal byggast vognhus for å møte lovkrava om reine soner i bygget.</p> <p>Deler av leikeplassen er ikkje opparbeida eller ferdigstilt.</p>	<p>Barnehagen har gode areal, med fleire rom knytt til kvar avdeling og eit stort fellesrom.</p> <p>Det er nytt golvbelegg i heile barnehagen og to kjøkken på kvar etasje.</p> <p>Alle avdelingane har fått støydempeande og lydabsorberande plater, og nokre har nye himlingar.</p> <p>Gode arbeidsrom og arbeidsplassar er tilgjengeleg for pedagogane.</p> <p>Har elektrisk oppvarming og panelomnar, og balansert ventilasjon.</p>	<p>Barnehagen har stort og variert uteleikeplass, og den er lett å dele opp i soner.</p> <p>Barnehagen ligg sentralt i Lonevåg, og kan nytte basseng, idrettsbane og naturen rundt.</p>	<p>Bygget møter lovkrava.</p> <p>Bygget ber preg av å vere ein gammal helseheim og ein har funne løysingar som fungerer.</p>
Hauge 75 barn 2021-2022	<p>Stelleplassar for dei yngste er under utbetring.</p> <p>Det er ikkje tilstrekkeleg arbeidsplassar for pedagogane.</p> <p>Bygget manglar rom til reinhaldsmaskinene og tilstrekkeleg oppbevaringsplass for reinhaldar.</p> <p>Oppgradering av nokre gjelder på uteområdet trengs.</p>	<p>Gode og luftige lokalar med gode kvalitetar.</p> <p>Det er vannbåren varme i golva og balansert ventilasjon.</p>	<p>Barnehagen har ein stor uteleikeplass som innbyr til variert leik og har eit stort område.</p> <p>Barnehagen har gode leikeapparat og naturområde tett på.</p> <p>Det er buss-stopp like ved barnehagen.</p>	<p>Bygget har gode kvalitetar og innfrir lovkrava.</p> <p>Bygget er maksimalt utnytta.</p>

Kommunale barnehagar	Manglar ved bygget / behov for oppgradering	Gode kvalitetar i bygget	Kvalitetar i uteområdet	Samla vurdering
Fotlandsvåg 29 barn 2021-2022	Behov for å male veggflater innvendig. Bygget skal malast utvendig i 2021. Sommarstid blir avdelingsromma svært varme. Det er behov for arbeidsplassar for pedagogane og møterom og vognhus etter dagens standard.	Arkitekt-teikna bygg med gode kvalitetar. Golvvarme og varmepumpe som varmekjelde.	Ein godt utnytta og leikeplass på tre sider av bygget, som byr på ulike aktivitetar og utfordringar. Barnehagen kan og nyte skulen sine areal, bana og har lett tilgang til naturområde og lavvo.	Bygget har gode kvalitetar og innfrir lovkrava. Bygget er maksimalt utnytta.
Mjøsdalen 13 barn 2021-2022	Bygget vart laga av brakkemodular på 90-tallet og har dårleg isolasjonsverdi. Vindauga og saltaket er ikkje av god kvalitet. Varmekjelde er panelomnar og golva er kalde. Bygget må malast utvendig.	Det er skifta ein del golvbelegg, det er laga pauserom og ny garderobe for personalet. Garderobar til barna er av grei kvalitet, og rommet har fått avtrekk. Ventilasjon i bygget fungerer godt.	Naturtomt med gode motoriske utfordringar bak barnehagen. Dei nyttar Montessoriskulen sin skuleplass og. Ikkje godkjent fallunderlag rundt bratt rutsjebane. Flotte naturområde kring barnehagen.	Dette er ikkje eit bygg for framtida, men kan dekkja eit behov nokre år framover. Det vil koste mykje å setje bygget i god nok stand, og uteleikeplassen må utbetraſt.

Søknad om kommunalt tilskot til private barnehageplassar per mai 2021

For å hindre overetablering av barnehageplassar må det søkast om tilskot ved følgande tilfelle:

- ved utviding av kapasitet i eksisterande barnehage som krev ny godkjenning av etter barnehagelova § 10
- Ved etablering og bygging av ny barnehage.

Tabell 7, søknader om kommunalt tilskot til nye barnehageplassar

Søkar	Søknad motteke	Oppstarts-tidspunkt	Plassar	Merknad til søknad
Trygge Barnehagar	22.01.2021	2022	6 avdelingar	På Rundhovde, Valestrandsfossen. Skal drivast av FUS-barnehagene.
Ingrid Fosse Mjelstad	08.03.2021	01.01.2022	3-5 plassar	Søker om å drive familiebarnehage i ein heim. Hjellvikvegen, Valestrandsfossen.

Vilkår for tildeling av tilskot er at alle krav i reguleringsplanar og anna lovverk er oppfylt før det utbetales tilskot. Det er eigars ansvar å sjå til dette. Om Osterøy kommune godkjenner etablering av nye barnehageplassar er eigars framdriftsplan bindande for tilsegn om tilskot.

Oversikt over barnehagane

Barnehagar i Haus-området

Haus barnehage er einaste barnehage i Haus og ligg like ved Haus skule og idrettsbana. Barnehagen har hatt fem avdelingar og reduserer hausten 2021 til fire avdelingar og om lag 66 barn, 1,4 årsverk leiar-ressurs og om lag 14 årsverk tilsette. Haus barnehage har ledig kapasitet i bygget innanfor noverande godkjenning og har tilpassa bemanninga til det faktiske barnetalet. Dersom det vert behov for fleire barnehageplassar i Haus-området kan dei på nytt bemanne opp.

Barnehagar i Valestrand-området

Valestrand barnehage ligg sentralt til på Valestrandsfossen, med offentleg transport tett ved og dei som ikkje kører bil kan gå ein snarveg opp til barnehagen. Med om lag 30 barn fordelt på to avdelingar er barnehagen sin kapasitet maksimalt utnytta. Det er 0,8 årsverk leiar-ressurs og om lag 8 årsverk tilsette. Barnehagen sitt uteområde er på tre sider av huset, byr på ulike leik og er lett for barna å få oversikt over. Dei to avdelingane samarbeider godt og foreldre gjev uttrykk gjennom brukarundersøkingar å vere nøgde med barnehagetilbodet. Det er ei engasjert foreldregruppe og tilsette som ønskjer å oppretthalde drifta i Valestrand barnehage.

Barnehagen har ein enkel standard, men er ikkje i spesielt dårleg stand. Det er små rom og kreative løysingar for å tilfredsstille lovkrava, men godkjenninga er midlertidig fram til august 2023.

Tidspunktet for den midlertidige godkjenninga heng saman med at ein kommunal barnehage skulle byggast på Valestrandsfossen og stå klar august 2023, noko som ikkje vert gjennomført.

Godkjenninga visar til at deler av det godkjente leike- og opphaldsarealet ikkje har dagslys. Det vil vere mogeleg å få dagslys inn i rom gjennom ombygging, setje inn vindauge og dører med vindauge, samt ein styrt bruk av romma med minst dagslys. Barnehagen si godkjenning er og knytt til aktiv bruk av barnehagen sin lavvo, som eit kompenserande tiltak for lite areal og dagslys. Dersom barnehagen skal drivast vidare vurderer kommunen det som mogeleg å få ny godkjenning gjennom utbetring av bygget.

Reppen barnehage er ligg ovanfor Valestrand barnehage og bygget har gode kvalitetar. Malika Håland eig og driv barnehagen. Reppen har i dag godkjenning på 80 barn, dei har 65 barn per september 2021 og kan ta inn 15 barn (uavhengig om barna er under eller over 3 år) innanfor noverande godkjenning.

Eigar av Reppen barnehage har kommunisert til kommunen at dei ønskjer og kan, med små endringar i bygget, ha kapasitet til å utvide med ytterlegare barnehageplassar om det er behov for det. Maksimal utnytting av areal tilsvasar inntil nye 43 små barn eller 57 store barn. Maksimal utnytting er ikkje aktuelt for Reppen, men ei auke frå 80 barn er aktuelt. Det må då monterast fleire toalett (lovkrav) og få ny godkjenning frå Miljøretta helsevern.

Hauge barnehage ligg på Hauge, er eit bygg med gode kvalitetar og ein stor naturtomt med ulike leikeapparat. Barnehagen har om lag 76 barn fordelt på fire store avdelingar, 1,4 årsverk leiarressurs og 18 årsverk tilsette. Hauge barnehage er ikkje ein nærmiljøbarnehage, men barnehagen ligg i eit knutepunkt der mange fer forbi på veg til jobb og skule. Barnehagen har i dag ei maksimalutnytting av barnehagen sitt areal og dei fleste barna er frå Valestrand og Lonevåg-områda.

Hauge barnehage starta opp i 2012 og eit mindre bygg var planlagt å stå ferdig i 2021 med ytterlegare to avdelingar med om lag 40 storbarnsplassar. Visar til Heradsstyremøtet 9.desember 2020, då det vart vedteke å gjere analysen som denne planen er eit svar på. Heradsstyret vedtok i 8.desember 2021 at barnehagen ikkje skal byggast ut.

Barnehagar i Lonevåg-området

Lonevåg barnehage er lokalisert i den gamle helseheimen og er den største barnehagen i Osterøy kommune og har om lag 115 barn fordelt på seks store avdelingar. Barnehagen har 1,6 årsverk leiarressurs og om lag 30 årsverk tilsette. Barnehagen har eit stort og godt uteområde, med varierte utfordringar og aktivitetar tilpassa dei ulike behova til barna. Barnehagen har nærliek til fine naturområde, skulane, idrettsbana og bassenget og andre tilbod i Lonevåg sentrum.

Osterøy gårds- og friluftsbarnehage ligg i ein ombygd driftsbygning på Vevle. Tommy Lohne og Eli Hovden Raknes eig og driv barnehagen som har om lag 38 barn, der 10 av barna er i ei friluftsgruppe. Barnehagen utnyttar kapasiteten fullt ut og utmerkar seg ved at dei har barn som bur på heile øya, frå Bruvik til Tysnes.

Ny tomt til barnehage. I Områdeplanen for Lonevåg er det foreslått å setje av tomt til ny barnehage for å kunne auke kapasiteten.

Barnehagar i Fotlandsvåg-området

Fotlandsvåg barnehage ligg vegg i vegg med Fotlandsvåg skule og er eit kvalitativt godt bygg. Barnehagen har om lag 29 barn fordelt på to avdelingar, 0,8 årsverk leiar-ressurs og om lag 8 årsverk tilsette. Barnehagen har full kapasitetsutnytting og det er ikkje rom for å utvide med fleire barnehageplassar. Mjøsdalen barnehage har gjennom åra gjeve tilbod til barn som har søkt og ikkje har fått plass i Fotlandsvåg barnehage. Fotlandsvåg barnehage er i dag den barnehagen med høgst kostnad per storbarnsplass, noko som heng saman med høg kompetanse i personalgruppa og at det er 80% leiar-ressurs. Mjøsdalen og Fotlandsvåg barnehage har same styrar og eit fagleg samarbeid for å sikre eit kvalitativt godt barnehagetilbod i begge barnehagane.

Mjøsdalen barnehage ligg i Hosanger og har ei lita avdeling. Heradstyret vedtok 8.desember 2021 å leggje ned drifta i juli 2022. For barnehageåret 2021-2022 vert gruppa på 13 barn, 0,2 årsverk leiarressurs og 3 årsverk tilsette. Det har vore naudsynt dei siste åra med høgare bemanning for å sikre tryggleiken til barna enn det bemanningsnorma tilsei og barnehagen har ikkje stor nok sokarmasse til å utnytte kapasiteten i bygg og bemanning. Mjøsdalen barnehage har hatt ein viktig funksjon i lokalmiljøet og har eit godt samarbeid med Montessori-skulen som dei delar uteområdet med.

7. RÅDMANNEN SI TILRÅDING OM EIN BEREKRAFTIG BARNEHAGESTRUKTUR

Å møte endra behov

Målsettingane i Komuneplanen sin samfunnsdel 2021-2040 (s.20-24) er utarbeida med utgangspunkt i politiske arbeidsmøte og innbyggarmedverknad. Det kjem tydeleg fram at dei eksisterande lokale sentra skal styrkast og det er ei målsetting om gode levekår og attraktive lokalsamfunn. Dette speilast også i arealstrategien, som har målsetting om at utbygging og/eller fortetting i sentra og i eksisterande bygde område skal prioriterast framfor spreidd bustadbygging. Den konsentrerte utbygginga skal medverke til redusert transportbehov og at dei skal innehalde tenester, arbeidsplassar med meir, slik at meir av dei daglege behova vert dekkja lokalt. Til tross for dette vert det presisert følgande: «I Osterøy kan ein ikkje vente at tettstader som Lonevåg, Valestrand og Haus skal vere fullt ut dekka med lokale arbeidsplassar og tenester slik at dei som bur der kan gå eller sykle til arbeid eller teneste».

Rådmannen vurderer dette slik: det skal oppretthaldast barnehagetilbod i dei fire lokale sentra: Haus, Valestrand, Lonevåg og Fotlandsvåg. Det kan ikkje forventast at det skal vere full barnehagedekning i desse områda. Overskot av barnehageplassar bør såleis ligge langs aksen der folk ferdast på veg til og frå arbeid og skule, og kan slik ta unna auka behov for barnehageplassar for heile Osterøy og sikre ein fleksibilitet i tilboden. Plasseringa av barnehagane er såleis viktig for at det skal vere praktisk for foreldre med levering og henting i barnehagen.

Målsettingar

Foreldre får barnehageplass til rett tid i Osterøy kommune

- Osterøy kommune innfriar lovkravet om rett til barnehageplass i kommunen for *barn som fyller eitt år innan utgangen av november og som ikkje har barnehageplass*.
- Osterøy kommune tilbyr barnehageplass gjennom året når nokon søker barnehageplass så langt bemanninga tillèt det.
 - Barn født frå desember til juni må ikkje vente til august etter dei er fylt 1 år for å få barnehageplass så langt bemanninga tillèt det.
 - Tilflyttarar får tilbod om barnehageplass når dei har behov så langt bemanninga tillèt det.

Osterøy kommune har ein berekraftig barnehagestruktur

- Det er barnehageplassar tilgjengeleg i dei fire lokale sentra.
- Osterøy kommune etablerer ikkje nye barnehageplassar i sentre som har overkapasitet.
- Barnehagebruksplanen gjev føringar for utforming av barnehagar for framtida og for utbetringer i eksisterande bygg.
- Barnehagestrukturen skal stette ein heiltidskultur for tilsette og arbeidsgjevarane i Osterøy kommune.

Tilråding om berekraftig barnehagestruktur

Det skal drivast barnehagar i dei fire lokale sentra; Haus, Valestrand, Lonevåg og Fotlandsvåg. Visar til tabell 4 og tabell 5 som viser kapasitet i dei lokale sentra. Områda Lonevåg og deler av Fotlandsvåg utpeikar seg med å ikkje ha ledig kapasitet, medan Valestrand og Haus har ein overkapasitet per august 2021. Etter ei vurdering av ledig kapasitet, framtidig behov, berekraftige bygg og drift tilrår rådmannen følgande:

Barnehagehage i Haus-området

- **Rådmannen tilrår at Haus barnehage forset drifta.** Det er forventa ei nedgang i området. Barnehagen organiserer og bemannar til det barnetalet dei til ein kvar tid har. Hausten 2021 har barnehagen ledig kapasitet og kan tilby tilflyttarar og andre plass gjennom året. Dersom prognosane skulle endra seg, kan areal ved Haus skule nyttast til ein avdeling eller base for ei friluftsgruppe for dei eldste barna.

Barnehagar i Valestrand-området

Dei eksisterande barnehagane på Valestrand har samla sett ledig kapasitet per august 2021. Det er komne to søknader om å etablere nye barnehagar i Valestrandområdet, det er Trygge Barnehager og ein familiebarnehage.

- **Heradsstyret vedtok 8.desember 2021 følgande:** Dersom drifta av Reppen barnehage blir avvikla i planperioden, vil Osterøy kommune overta drifta av barnehagen dersom ikkje andre aktørar melder seg til å overta drifta. Grunngjeving: Valestrand si folketalsutvikling tilseier at det bør vera barnehageplassar der. Med ny barnehagebruksplan vil barnehagetilbodet på Valestrand vere utelukkande i privat regi frå 2023. Dersom privat aktør av ulike grunnar endar opp med å avvikla drifta i løpet av planperioden, vil det vere naturleg at kommunen tek over og sikrar kapasiteten i dette området.
Heradsstyret vedtok 19.10.2022 å stryke dette punktet: «Dersom drifta av Reppen barnehage blir avvikla i planperioden, vil Osterøy kommune overta drifta av barnehagen dersom ikkje andre aktørar melder seg til å overta drifta».
- **Rådmannen tilrår å avslå søknaden frå Trygge Barnehager om å byggje ein ny barnehage.** Rådmannen vurderer at det ikkje er driftsgrunnlag for 6 avdelingar på Valestrandsfossen, med oppstart i 2022. I søknaden er det ikkje presisert kor mange barnehageplassar dei planlegg, men kommunen legg til grunn at 6 avdelingar tilsvavar om lag 80-100 storbarsplassar. Den aktuelle tomta ligg på Rundhovde og kundegrunnlaget er i hovudsak innbyggjarane på Valestrandsfossen. Rådmannen vurderer det som sannsynleg at det vert betydeleg overkapasitet på barnehageplassar i Valestrandområdet. Ved overkapasitet på barnehageplassar er det viktig at desse ligg langs aksen der innbyggjarane fer forbi til og frå arbeid og skule. Rådmannen vurderer det som lite sannsynleg at ein barnehage på Rundhovde vil fylle behovet for fleksibilitet i barnehageplassar for større delar av Osterøy kommune. Det er grunn til å tru at ein ny barnehage vil føre til konkurranse med Reppen barnehage, og rådmannen vurderer at det ikkje er god samfunnsøkonomi om Reppen barnehage vert tvungen til å redusere drifta betydeleg eller leggja ned på grunn av for lite søknad av barn.
- **Rådmannen tilrår å avslå søknaden frå Ingrid Fosse Mjelstad om å etablere familiebarnehage.** Det er søkt om å starte opp januar 2022 og det er då overkapasitet på

barnehageplassar i Valestrandområdet. Det er såleis ikkje naudsynt å etablere fleire barnehageplassar. Det er ikkje presisert i søknaden kor mange barnehageplassar det er søkt om, men kommunen legg til grunn at det er maksimalt 4 barn under tre år eller 5 barn dersom fleire er over 3 år. Tiltakshavar vil arbeide i heil stilling og vil ha ein opningstid 7.30-16.30. Familiebarnehagar er også pålagt å drive etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehage (2017). Tiltakshavar har utdanning som barnehagelærar og har slik føresetnad til å systematisk arbeide med det pedagogiske tilbodet til barna. Regelverket for familiebarnehagar pålegg drift i fellesskap med andre barnehagar, og tiltakshavar vil söke samarbeid med andre etter ei eventuell godkjenning om etablering. Familiebarnehagen skal drivast i heimen til tiltakshavar og må godkjennast av Barnehagemynda i Osterøy kommune. Stortingsmelding 41 *Kvalitet i barnehage* har målsetting om likeverdige barnehagetilbod for alle barn og eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Rådmannen vurderer ikkje familiebarnehage som eit fullgodt barnehagetilbod, då ein familiebarnehage har ei særleg sårbar drift dersom tiltakshavar sjølv eller hennar barn vert sjuke. Barnehagen har nedfelt i sine vedtekter, som er vedlagt søknaden, at barnehagen kan stenge 5 dagar i året på grunn av sjukdom, og kan avviklast på relativt kort varsel ved særlege høve.

- **Rådmannen tilrår at Valestrand barnehage vert lagt ned juni 2023.** Valestrand barnehage har eit barnehagebygg som ikkje held ønskjeleg standard for barnehagebygg i framtida, og det er ikkje berekraftig å fortsette å oppgradere bygget. Både foreldre og tilsette gjev uttrykk for å trivast i bygget og den litle barnehagen, og kvaliteten i barnehagetilbodet vurderast til å vere godt.

Barn og foreldre får prioritet ved opptak til andre barnehagar i Osterøy kommune, og må söke ny barnehageplass i den barnehagen dei ønskjer plass innan 15.februar 2023. Ved at Reppen / Hauge barnehage utvidar drifta frå august 2023 vil det vere mogeleg å tilby plass til dei som ønskjer plass der.

I takt med dei demografiske endringane i kommunen, vurderer kommunen å nytte tomta til andre formål. Det er stort behov for omsorgsbustader med sentral plassering.

- **Rådmannen tilrår at kommunen går i dialog med Reppen barnehage om å utvide kapasiteten dersom Valestrand barnehage vert lagt ned august 2023.** Reppen er privateigd, bygget har gode kvalitetar og dei kan utvide talet med inntil 15 plassar (uavhengig av om barna er over eller under 3 år) innanfor den eksisterande godkjenninga. Eigar av Reppen barnehage har kommunisert til kommunen at dei ønskjer og kan, med små endringar i bygget, ha kapasitet til å tilby barnehageplass til alle 30 barna frå Valestrand barnehage frå 2023 om foreldra søker barnehageplass der.
- **Rådmannen tilrår at Hauge barnehage etablerer nye barnehageplassar frå august 2023 og aukar leiarressursen frå 1,4 til 2 årsverk.** Heradsstyret vedtok 8.desember 2021 at Hauge barnehage ikkje skal utvide kapasiteten og følgjeleg ikkje auke leiarressursen.

Hauge barnehage bør auke leiingressursen i barnehagen frå 1,4 til 2 årsverk ved maksimal utnytting av drifta, for å kunne møte kompleksiteten i drifta og forsetje å utvikle kvaliteten i tilbodet. Barnehagen skal organisere og bemanne til det barnetalet dei til ein kvar tid har. Nybygget var prosjektert til å koste 13 millionar og ein må rekne med noko meirkostnader

pga prisstigning og prosjektering. Det vert vidare berekna at ein må investere ytterlegare 2 millionar, totalt 15 millionar.

Hauge barnehage er ikkje ein nærmiljøbarnehage, men barnehagen ligg i eit knutepunkt der mange fer forbi på veg til jobb og skule. Barnehagen har ei maksimalutnytting av barnehagen sitt areal i dag og barna er hovudsakleg busett i Lonevåg- og Valestrandområdet. Barnehagen kan sjå ut til å vere eit attraktivt barnehagetilbod også for dei som nytta buss, dei som går på vaksenopplæringa og dei som kører forbi for å kome på jobb.

Barnehagen si plassering kan sikre at kommunen kan oppnå målsettinga om å tilby barnehageplass til tilflyttarar gjennom året og til barn som ikkje har lovkrav på barnehageplass før august (vert 1 år i desember til juni). Dersom det skulle bli vekst i dei lokale sentra Valestrand, Lonevåg og Haus, er Hauge for mange eit praktisk alternativ til nærbarnehagen. Ved å tilby dette kan bidra til at Osterøy er ein attraktiv stad å bu for barnehagefamiliar.

Barnehagar i Lonevåg-området

- **Rådmannen tilrår at Lonevåg barnehage fortset drifta og aukar leiarressursen frå 1,6 til 2 årsverk.** Barnehagen er lokalisert i den gamle helseheimen og er den største barnehagen i Osterøy kommune tilsvarande 155,4 storbarsplassar per i dag. Dette vurderer kommunen som den maksimale storleiken på ein barnehage i brytinga mellom effektiv økonomisk drift, god organisering av barnehagetilbodet og leiing. Lonevåg barnehage bør auke leiingressursen i barnehagen frå 1,6 til 2 årsverk, for å kunne møte kompleksiteten i drifta og forsetje å utvikle kvaliteten i tilbodet. Barnehagen skal organisere og bemanne til det barnetalet dei til ein kvar tid har.
- **Osterøy gårds- og friluftsbarnehage fortset drifta.** Barnehagen er privateigd og kommunen set pris på det private initiativet. Den er på Vevle og har tilsvarande om lag 50 storbarsplassar og utnyttar kapasiteten fullt ut. Barnehagen utmerkar seg ved at dei har barn som bur på heile øya, frå Bruvik til Tysnes.
- **Rådmannen tilrår at tomta som er sett av til barnehage i Lonevåg ikkje vert nytta til barnehageføremål i planperioden.**

Barnehagar i Fotlandsvåg-området

- **Rådmannen tilrår utviding av Fotlandsvåg barnehage frå hausten 2022.** Samhandling mellom skule og barnehage kan føre til ei fleksibilitet i arealutnytting i kommunale bygg, og er mindre kostnadsdrivande enn å byggje eit nytt barnehagebygg på nabotomta. Skulen er no i ei prosess med omlegging av klassedelinga, noko som kan frigjere areal. Barn og personale i barnehagen er vande med å nytte deler av skulen. Barnehagen skal organisere og bemanne til det barnetalet dei til ei kvar tid har.
- **Rådmannen tilrår at Mjøsdalen barnehage vert lagt ned i juli 2022.** Heradsstyret vedtok 8.desember 2021 at drifta ved Mjøsdalen vert lagt ned i juli 2022. Grunngjevinga er at hausten 2022 er det berre 11 barn att i barnehagen, noko som gjer bemanninga og det pedagogiske tilbodet svært sårbart. Bemanninga vil då vere to årsverk, derav ein pedagog. Dette vurderer rådmannen til å ikkje vere forsvarleg, verken med omsyn

til barna si tryggleik eller pedagogiske rammer. Det har vore svært få søkerar dei siste åra vert barnehagen. Rådmannen vurderer barnehagen til å vere lite berekraftig og bygget er av dårlig kvalitet.

Barn og foreldre får prioritet ved opptak til andre barnehagar i Osterøy kommune, og må søke ny barnehageplass i den barnehagen dei ønsker plass innan 15.februar 2022. Det er i høyringssvar uttrykt at dei fleste vil til Lonevåg og Hauge, og det presiserast at det er foreldre sjølv som vel kva barnehagar dei ønsker å søke og dei vil ha prioritet ved opptak.

Økonomiske konsekvensar av tilråding

Nedlegging av Mjøsdalen barnehage og Valestrand barnehage kan sjå ut til å gje ei betydeleg innsparing, sjå tabell 7. Det må presiserast at dette er estimat og det er fleire usikre faktorar. Blant anna skal vel foreldre kva barnehage dei ønsker for sitt barn, og det er her teke utgangspunkt i differansen på kostnad per barnehageplass samanlikna med Hauge barnehage. Det er grunn til å merke seg at grunnlaget for utrekninga er 2020-tal og det er ikkje teke høgde for prisstigning, lønsauke eller anna for komande periode.

Visar til tabell nedanfor, som visar tydelegare byggkostnad per år til Valestrand, Mjøsdalen og Hauge barnehage. Årskostnad er snitt for åra 2018-2020.

NY - Tabell 7- Oppsummert byggkostnader, årskostnad i snitt 2018-2020.

	Hauge	Valestrand	Mjøsdalen**
Reinhalld	384 334	248 277	133 000
Straum	59 413	48 135	
Vedlikehald og driftsutg.*	130 112	193 156	95 000
Vaktmester	65 000	75 000	50 000
Avskriving bygg	473 000	75 000	13 000
Totalt	1 111 859	639 568	291 000
Barnetal, omrekna til storbarnsplassar	99	40	19
Byggkostnad per storbarnspl.	11 186	15 989	15 316

* Egedomsbegyr, forsikring, vedlikehald bygg og anlegg, serviceavtalar brann ol.

** Mjøsdalen: Straum er inkludert i vedlikehald og driftskostnader. Har relativt stor vaktmesterandel.

Tabell 8, Potensiell innsparing ved nedlegging

Tabellen visar potensiell innsparing ved nedlegging av Mjøsdalen og Valestrand barnehage. Det er ikke komplett reknestykke, då byggkostnader ikkje er teke med i dei barnehagane dei då får plass i.

Rådmannen tilrår at saka om investering i nytt bygg vert løfta for Heradsstyret i 2022. Det er ikkje gjort ei estimering av driftsutgifter ved nytt bygg på Hauge, men det vert lagt til grunn at byggkostnad og kostnad per barnehageplass ved Hauge barnehage er retningsgjevande for drift av nytt barnehagebygg.

KVA	Barn	Kostnad storb.plass	Differanse til plass i Hauge	Innsparing per år, alle bhg.plassane	Årleg driftsutg. Bygg	Estimert innsparin g per år	Estimert innsparing aug-des-22	Estimert innsparing 2023	Estimert innsparing 2024-2030
Valestrand	40	118 069	16 546	668 458	639 500	1 307 958	0	544 983	9 155 709
Mjøsdalen	19	115 687	14 164	274 782	291 000	565 782	235 742	565 782	3 960 471
Hauge	99	101 523			1 111 800				
Total mindrekostnad						1 873 740	235 742	1 110 764	13 116 180

OPPDATERING – endring i tabell 9 er streka over:

Strukturtiltak	Tiltak	Når	Kostnad
Fotlandsvåg barnehage	Auke plassar	Aug. 2022	Estimert investering, 200.000,- i 2022
Mjøsdalen barnehage	Nedlegging	Juli 2022	Estimert innsparing i 2022; 235.000,- Innsparing per år, estimert 565.000,-
Valestrand barnehage	Nedlegging	Juli 2023	Estimert innsparing i 2023: 544.000,- Innsparing per år, estimert 1.300.000,- om bygget vert brukt til andre formål.
Hauge barnehage	Auke plassar, nytt bygg, Auke leiarressurs med 0,6 årsverk	Aug. 2023	Rådmannen tilrår at saka om investering i nytt bygg vert løfta for Heradsstyret i 2022.
Reppen barnehage	Auke plassar	Aug. 2023	Talet på barn som tek imot plass i Reppen styrar kostnad.
Lonevåg barnehage	Auke leiarressurs med 0,4 årsverk	Aug.-23	Auka leiarressurs tilsvarar leiarressurs i barnehagar som leggast ned. Lonevåg får noko høgare kostnad per barnehageplass og er ei omdisponering av ressursane i barnehagesektoren.
Trygge barnehager AS			Ingen kostnad
Familiebarnehage v/ Ingrid Fosse Mjelstad			Ingen kostnad
Haus barnehage			Fortset drifta som i dag
Osterøy gårdsbarnehage			Fortset drifta som i dag
Total kostnad i driftsbudsjetten pga investering i 2022-2030	—5.940.000,-	2022: 2023-2030:	—200.000,- —5.740.000,- Fjerna grunna tilråding om å ta opp nytt bygg som sak i 2022.
Total innsparing av nedlegging i perioden aug.2022-des.2030	13.500.000,-	2022: 2023: 2024-2030:	—240.000,- —1.060.000,- —12.200.000,-
Estimerte kostnader av tiltak i perioden aug.2022-des.2030	Innsparing estimert til 7.560.000,-		

Oppsummering – barnehagestruktur i framtida

Barnehagebruksplanen legg fram tiltak for å auke tilgangen på barnehageplassar i dei lokale sentra der det i dag er full utnytting av kapasiteten og senke kapasiteten på barnehageplassar i dei sentra der det er sannsynleg at det vil vere mindre behov i planperioden.

Justere barnehageplassar etter behov

Barnehagane skal organisere og bemanne til det barnetalet dei til ein kvar tid har. For nokre barnehagar tyder det at dei må gjere rekning med å nedbemanne i åra framover om dei får færre barn. Usikre prognosar gjer at det kan vere naudsynt å ha bygg som gjer det mogeleg å auke opp talet på barnehageplassar med kort responstid og at barnehageplassane må vere plassert slik at det er mogeleg å nytte offentlege transportmidlar.

Tiltak for å nå målsettingane

Dersom Osterøy kommune si målsetting om å tilby barnehageplass til foreldre når dei har behov for det skal oppfyllast, vurderer rådmannen at tilgjengelege barnehageplassar må vere plassert slik at dei når eit størst mogeleg geografisk område. Rådmannen tilrår difor at Hauge barnehage vert bygd ut. Barnehageplassar i Hauge kan vere attraktiv for foreldre busett i Valestrand, Lonevåg og andre som køyrer forbi eller tek buss til og frå jobb og skule.

Rådmannen meiner at kommunen har i større grad har økonomisk handlingsrom dersom ein legg om barnehagestrukturen og legg ned to av dei minste barnehagane i kommunen.

Ei oppsummering – rådmannen si tilråding og Heradsstyret sitt vedtak av 8.desember 2021.

Oppdatering jamfør vedtak i Heradsstyret 19.10.2022:

Tabell 10, strukturtiltak oppsummert

Strukturtiltak	Tal plassar (*)	Når	Kommentar
Fotlandsvåg barnehage	Inntil 18 store	Aug. 2022	Utvide med fleire barnehageplassar
Mjøsdalen barnehage	-20 store	juli 2022	Legg ned drifta
Valestrand barnehage			Drifta ved Valestrand barnehage vert oppretthalde. Valestrand barnehage vert lagt ned når ny barnehage står klar på Rundhovde.
Hauge barnehage			Hauge barnehage utvidar ikkje kapasiteten. Rådmannen kan gå i gong med andre byggetrinn av Hauge barnehage når kommunen sitt behov tilseier dette.
Reppen barnehage	+15 store el. Små barn	Aug. 2023	Dialog med eigar om auke i barnehageplassar utover 15 barn
Lonevåg barnehage		Aug. 2023	Auke leiarressursen med 0,4 årsverk
Trygge barnehager AS			Søknaden vert ikkje innvilga. Heradsstyret gjev 19.10.2022 løyve til bygging og opning av ny, privat barnehage med fire avdelingar på Rundhovde.

Familiebarnehage v/ Ingrid Fosse Mjelstad			Søknaden vert ikkje innvilga
Haus barnehage			Fortset drifta som i dag
Osterøy gårdsbarnehage			Fortset drifta som i dag
Tomt i Lonevåg til ny barnehage			Tomta vert ikkje nytta til barnehage- føremål i planperioden 2021-2025.

(*)Talet på barnehageplassar er her omrekna til storbarnsplassar